



Bø kyrkjeblad

Utgåve 10 - Desember 2022



Tilsette i Bø kyrkjelyd



Kyrkjeveje
**Alf Rose
Sørgarden**

958 91 494
alf.rose.sorgarden@
mtkyrkje.no



Sokneprest:
**Axel J.
Bugge**

454 77 020
axel.bugge@mtkyrkje.no



Kontorfullmektig:
**Dagne
Mo**

404 31 829
dagne.mo@mtkyrkje.no



Vikarprest:
**Levi
Korsveien**

976 52 245
levi.korsveien@mtkyrkje.no



Organist:
**Rolf
Axelsen Lie**

951 83 114
rolf.lie@mtkyrkje.no



Korleiar:
**Grete
Hasselgård Sele**

915 56 348
grete.sele@mtkyrkje.no



Trusopplærar
**Signe Vreim
Østtvæit**

971 82 146
signe.osttvæit@mtkyrkje.no



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Per Johan
Nordvik**

913 89 533



Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar:
**Håkon
Holtar**

906 16 806



Kyrkjetenar:
**Håkon
Mæland**

957 51 519

Gje det vidare!

Han hadde vore ung og uerfaren, men no var han svært nøyne og granskande i det han gjorde. Dette måtte vere påliteleg og det måtte vere ein samanheng i det han skreiv. Han var lege og vant med å undersøke kroppar og skrive ut medisin til sjuke. Men no skreiv han på ei forteljing som sidan skulle bli berømt og kjend i heile verda og gi von og trøyst til fattige og rike. I starten var det ei forteljing om store menn, ein keisar og ein konge med kjende namn og makt. Men det var ikkje dei som vart hugsa i ettertid. Det var eit lite barn, fødd og funnen av fattige gjetarar i ei krubbe, som vart lova og prisa av englar og gjetarar.

Orda som vart tala av engelen i lyshavet til redde gjetarar den natta vart skrivne ned og har sidan blitt lesne om igjen og om igjen: «**Ver ikkje redde! Sjå eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket.**»

Uansett kva som skjer: «**Ver ikkje redde, sett ditt håp og di tru til dette**



barnet som kom og vart verdas frelsar, mumla legen for seg sjølv. Han sat einsam i skuggen under eit fikentre og skreiv med sveitte på panna det han hadde blitt fortalt av augnevitne den natta for mange år siden. Han gav vidare det han trudde på.

Den etter kvart gamle legen heitte Lukas. – Takk, Lukas, for det du skreiv og gav til oss!

Den originale forteljinga finn vi i Lukas evangelium kapittel 2.

Axel J. Bugge

Kyrkjeval 2023

Til neste år er det val til kyrkjelege organ. Kyrkjevalet 2023 skal gjennomførast 10. og 11. september 2023. Perioden med førehandsrøysting er 10. august til 6. september (digitalt) og 8. september (på papir i eige sokn).

Vi kjem attende med meir informasjon når det nærmar seg.

Julehelsing til kyrkjebladet i Bø

Det er november når eg skriv. I Bø og Midt-Telemark laver snøen ned akkurat no.

Det lagar ei heilt eiga stemning. Tusenvis av vakre snøflak sprer seg utover og legg seg mykt over bygda. Alt blir lysare, og eg kjenne ei sot forventing om kvit jol her i Telemark.

Fyrst vil eg takke for at eg får kome med ei julehelsing i kyrkjebladet i år. Eg har tenkt lenge på kva eg vil setje fokus på. Plutseleg kom eg på det. Eg vil gå tilbake til min barndom, tilbake til ei forblåst øy langt nord i landet.

Det er ikkje alt ein hugse frå ein er liten. Samtidig sett nokon augeblink varige spor. Eitt av desse for meg er ei barnebok eg las gong på gong. Historia var frå Bibelen, Det nye testamentet og heiter «Den barmhjertige samaritan». Historia er fortalt av Jesus. Den handlar om ein mann som blei overfalt av røvarar. Røvarane slo mannen og lot han ligge igjen halvdød. Både ein prest og ein levitt såg mannen og gjekk forbi. Ein samaritan som var på reise, kom også dit mannen låg. Han gjekk bort til han og forbandt såra hans, løfta han opp på sitt eige dyr og førte han til eit herberge og pleidde han.

Bilda frå boka hugsar eg godt. Særleg den skadde mannen, eg syntest synd i han. Eg hugsar korleis bilda viste kor takknemleg han blei når han fekk hjelp og bandasje på hovudet. Det lærte meg



noko eg tok med meg i livet. Det å bry seg om andre, og korleis ein kan endre ein person sitt liv ved å hjelpe.

Jesus oppfordra fleire til å vere ein samaritan. Nestekjærlek er berre eitt av mange døme på dei gode verdiane i Bibelen og i kyrkja. I den tida vi lever i er dei meir viktig enn på lenge, med uroa i verda og mange menneske som slit. Bø kyrkjelyd fremmar nettopp desse gode verdiane. Både i dei kyrkjelige handlingane og gjennom aktivitetar knytt til kyrkja. Til dømes dei ulike møteplassane for barn og unge, der dei kan bli kjend med fleire utanfor eige område. Sjølv har eg ei dotter på Folkestad skule som har funne ein besteven på Bø skule gjennom Give me five (tilbod til femteklassingar om trusopplæring og aktivitetar).

Det er noko med kyrkjene i Bø, dei ser du nesten uansett kor du er fordi dei ligg på ei høgde. La oss denne jula setje venskap og nestekjærlek i høgda. I det nye året kan vi ha eit forsett om å vere meir miskunnsam.

Eg ynskjer alle ei godhjarta jol og eit omsynsfullt nytt år.

*Siri Blichfeldt Dyrland
ordførar i Midt-Telemark kommune*





Helsing frå kyrkjeverja

Om å forvalte historia

Kvar gong eg går inn i gamlekyrkja, ser eg for meg dei mange som har gått dit opp gjennom århundra. I glede og i sorg, i gode tider, og i naudsår. Alle dei adventstider og juletider som blei feira der, før nykyrkja sto ferdig i 1875. Ein gong var gamlekyrkja ny. Det var ein gong rundt 1180, berre femti års tid etter slaget på Stiklestad. Utgravingar har vist at det var ei stolpekyrkje der før steinkyrkja. Bøheringane var tidleg ute. Ofte var det slik at kyrkjene vart bygde på stader som var brukta tidlegare til forkristne gudehov eller liknande. Det er ikkje utenkeleg at det var tilfelle også her. Under muren er det funne knoklar som er datert til rundt 1030.

Ein kan la tanken spinne vidare. Det var sikkert brytningstid i bygda om overgangen til den nye trua, trua på Kvitekrist. Kanskje var nokre av heimane ihuga i trua på dei norrøne gudane i mange år etter dette. Kanskje var det brytningsar også i heimane. Det må ha meldt seg mange tankar når dei i den fyrste tida gjekk til messe og sto tett saman i kyrkerommet. Benkar vart fyrst vanleg fleire århunder seinare.

Gamlekyrkja sto der også i 1349 då den store pesten kom og gjorde grove innhogg i befolkninga. Vi veit lite om den lokale kyrkja si rolle knytt opp mot Svartedauden. Men dei hadde ikkje Espen Nakstad og folkehelseinstituttet til

å gje gode råd. Kanskje var det prestens rolle å formidle det ein visste? Vi kan berre tenke oss kor mange bøner som steig opp når folk skjøna kva omfang den nye sjukdommen hadde.

Nokre fleire århundrer kom og gjekk, og på 1500-talet var det igjen brytningstid. Den katolske tradisjonen blei erstatta med luthersk lære, som prega både innhald i gudstenestene og korleis kyrkjerommet skulle framstå. Det var nok delte meiningar også om dette. Då eg for eindel år sidan hadde mitt arbeid i Heddal stavkyrkje, hadde vi besøk av ei femtekasse fra Vest-Telemark. Etter at resten av klassa hadde gått ut, vart ein ørlite veslevaksen gut verande og ville drøfte det eine og det andre. Innfallsvinkelen hans var: «Det va tregaleg høss mykje kjørkjekunst som blei borte etter reformasjonen. Det kunne då vel ikkje vere nødvendig, sjav om ein skulle legge meir vekt på det talte ordet!» Sa 11-åringen. Og eg tenkte: Skal tru kva det blir av deg opp gjennom livet? Så lenge vart han verande att, at læraren måtte komme og hente han, for bussen måtte køyre.

Gamlekyrkja i Bø har behalde fleire element frå den fyrste tida enn mange

andre middelalderkyrkjer. Smijernsly-sekrona, krusifikset og ikkje minst antemensalen eller altarframsida som heng på nordveggen i dag. Let ein tanken spinne vidare, er det lett å tenke seg at nokon har berga den unna og at den har kome fram at seinare frå eit eller anna loft eller uthus.

Det har vore skiftande tider, slik det også er no. Vi er forvaltarar av ei tru som har forandra land og folk opp gjennom tidene. Mangt vert analysert og tolka på andre måtar no. Men kjernebodskapen som vert feira i jula er den same fortrøystningsfulle bodskapen om Gud som vart menneske for å berge oss. Nokre av oss har som oppgåve å ta vare på bygningane og forvalte dei, mens andre har som oppgåve å forvalte ordet i møte med menneska. Det er eigentleg to dimensjonar av same historia, som heng uløyseleg saman. Vi kjenner oss sjølv litt betre om vi kjenner til og reflekterar over kvardag og helg for dei mange som har gått føre oss.

Eg ønskjer alle ei retteleg god adventstid og julehøgtid!

Alf Rose Sørgaarden

Lys på gravene

Tenning av lys på gravene er ein fin tradisjon, som er viktig for mange. Det er spesielt vanleg i juletida. Vi minner om at det må brukast lys med beskytta flamme, altså ikke fakkelsboksar. Ta også gjerne ein tur etterpå og fjern restane av lys/lykt. Saman held vi kyrkjegarden vår fin også på vinteren.

Deilig er jorden?

Rammene rundt årets julefeiring er annleis enn på svært mange år. Krigen i Ukraina trugar freden i heile vår region. Vi opplever aukande fattigdom og stadig fleire som slit økonomisk med å få endane til å møtast. Klimakrisa set òg sine spor. Kan vi også i år syngje «Deilig er jorden» med dette bakteppet? Det verker vanskelegare om vi ser rundt oss. Alt er ikkje så deilig som det var.

Denne salmen blei skiven berre nokre få veker etter at eit stort slag hadde funne stad i vårt granneland Danmark i 1850. Sytti tusen soldatar deltok, og mange døydde. Salmen kom først ut med tittelen «Pilegrimssong». Den er ein trassig protest, meir enn ei beskriving av verkelegheita vi lever i.

Det siste verset sluttar med «Fred over jorden, menneske fryd deg! Oss er en evig Frelser født!»

Vi feirar jul fordi vi trur at det skjedde noko som fekk konsekvensar for vår urolege verden då Jesus vart fødd. Gud kom til jorda, og det endra vår situasjon.

I år er det åtti år sidan slaget om Stalingrad. Eit av dei største og mest avgjerande slagene under 2. verdskrig, fann sted. Kurt Reuber var lege og tenestegjorde i den 16.



Foto: kirken.no

panserdivisjonen på tysk side. Han var òg ein gåverik amatørkunstnar. Like før jul i 1942 omgjorde han bunkerens sin på steppene nordvest for Stalingrad til eit atelier, og begynte å teikne på baksida av eit erobra russisk kart – det einaste papirstykket han fann. Då teikninga var ferdig, hengde Reuber den opp i bunkerens. Bildet viser ei mor (madonna) som held sitt nyfødde barn tett inntil brystet sitt. Biletet blei eit alter for soldatane. Dei strøymte til, og dei fekk ei jul dei aldri gløynde. På dette biletet står det òg tre ord som beskriv jula sitt innhald: Licht (Lys), Leben (Liv), Liebe (Kjærleik). Tre ord som beskriv han vi feirar i jula. Jesus er verdas lys. Eit annleis lys som gjer at vi ikkje treng å vandre i stummande mørke sjølv om jorda ikkje er så fager som den var fordi Jesus har lova å gå med oss. Om det lyset står det også: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.

(Joh. 1,5).

Jula handlar òg om Guds store kjærleik. Jesus er kjærleik. Vist for alle når han gir sitt liv for sine vener. Kjærleik er verdas sterkeste kraft. Vi seier når vi feirar nattverd: «Deg være ære, for kjærleiken som er sterkeare enn døden.» «Eg er Livet», seier Jesus. Aller tydelegast bevist når han står opp frå dei døde. Livet sigrar til slutt. Det er ikkje dødskreftene som får det siste ordet likevel. Ved Jesu

oppstandelse har vi fått eit levande håp.

På grunn av noko som skjedde i vår historie for litt over to tusen år sidan, kan vi på tross av det vi opplever rundt oss av krevjande kriser likevel synge «Deilig er jorden. Menneske fryd deg. Oss er en evig frelsjer født!» Ei velsigna jul!

Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark

Til kyrkja og bygda

Den står og lyser imellom trea
den kvite kyrkja mot himlen blå.
Eit enkelt gudshus er bygd på haugen
mest heile bygda kan kyrkja sjå.

Det synet vekkjer så mange minner
for ein som flutte så langt ifrå.
Med eitt kjem over meg som ei hildring
eg høyrer tydeleg klokka slå.

Og det er sumar, eg kjenner angen,
av bjørk og gran, og av blom og strå.
Eg minnes også den kjende klangen
– eg er ved Bøherads kyrkje nå.

Ja, der ligg bygda med berg og bakkar,
med gamle gardar og nye hus.
Men meste klårt ser eg bestestova
med kubbestolar og fine krus.

Og der går vegen til barndomsheimen
eg fylgte syster så mangen gong.
Når me for mor måtte springe ærend
og kjøpe varene som ho trong.

Frå slik ei ferd skin eit klårt bilet
det lyser slik som ein vårdag kan.
Og me var vener, me gjekk og tralla
i nye kjolar og fletteband.

Anne Storemyr

Permisjon og vikariat

Kirkeverge Martin Stærk har fått forlenget sin permisjon fra stillingen med seks måneder fra årsskiftet. Han har et engasjement i KA, Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon. Alf Rose Sørgaarden har fått forlenget sitt vikariat tilsvarende.

Min Tro

Av Grete Saga

Jeg er så glad for at foreldrene mine sendte meg til Søndagsskolen gjennom barndommen. Det var godt å lære at Jesus elsker alle barna og at Han er med oss gjennom livet. En enkel barnesang om Guds trofasthet og omsorg er: «Min båt er så liten og havet så stort, men Jesus har grepel min hånd, når Han styrer båten så går det så bra på veien til himmelens land»

Jeg hadde akkurat begynt i 8. klasse på ungdomsskolen da det var teltmøter i Tønsberg. Forkynneren John Olav Larsen og sangeren Rolf Listrøm var der. Vi hadde en fin kristen lærer som ba med seg noen av oss ungdommene på Husøy til et av møtene. Der kalte Jesus så sterkt på meg at jeg bestemte meg for å ta imot Han. Etter at vi hadde bedt ble jeg fylt av en god fred, trygghet og hvile og følte at jeg var kommet hjem. Det jeg ikke tenkte på der og da var at Den Hellige Ånd (DHÅ) var flyttet inn i hjertet mitt, men det har jeg vært veldig takknemlig for hver eneste dag i ettertid. Min erfaring er at DHÅ er en god trøster, hjelper og veileder igjennom livet og Han hjelper meg å forstå mer og mer av det som står i Bibelen. Det som er godt å vite er at Jesus er min mellommann til Gud og at han sitter ved Guds høyre hånd og går i forbønn for meg. Og når jeg bekjenner mine synde for Han er Han trofast og rettferdig og tilgir meg syndene og renser meg fra all



urett. Gud vil at alle mennesker skal bli frelst og lære han å kjenne. Røveren på korset ba Jesus om å tenke på han når Jesus kom hjem til himmelen og så sier Jesus til han; «sannelig i dag skal du være med meg til Paradis». Jesus sier også, «kom til meg alle dere som strever og jeg vil gi dere hvile». Det står i Bibelen at Gud vil at alle mennesker skal bli frelst og lære sannheten å kjenne. Jeg er så glad for å tilhøre Jesus, det er så trygt og godt å være elsket av en stor, god og allmektig Gud. Jeg skulle ønske at alle mennesker fikk oppleve det samme. Det er ikke vanskelig, det er bare å si til Jesus, jeg trenger deg, kan du ta imot meg.

Den kristne læreren vår på Husøy åpnet hjemmet sitt for oss ungdommene og der hadde vi mye hygge og lærte mye om å leve sammen med Jesus. Læreren sørget for at jeg ble med i styret i ungdomsgruppa og i arbeidet på bedehuset. Jeg dro også på ungdomslørdagene på Svend Foyns bedehus i Tønsberg. En kveld var Eivind Frøen der og jeg ble bedt for og jeg fikk tungetale til egen oppbyggelse. I godt

voksen alder ba jeg om å få tydningen på tungetalen og det fikk jeg og det er alltid lovprisning i takknemlighet til Gud.

I gjennom hele ungdomstiden følte jeg at Gud var med meg og jeg fikk være en del av et fint ungdomsmiljø. Etter arbeide på Strand leirsted på Østerøya i Sandefjord og 3 mnd. Bibelskole i Oslo gikk jeg på Førebuingskurset til Stabekk på Bø vidaregående skule. I Bø var jeg med i yngresarbeidet på Bedehuset og satt en periode i ungdomsrådet til kirken. Da jeg traff mannen min som var pinsevenn, ble vi enige om å gå i samme menighet hvis vi fikk barn og jeg begynte å gå i pinsemenigheten. Det var litt rart i begynnelsen, en litt annen kultur, men Jesus og Bibelen er den samme så det gikk greit etter hvert. I pinsemenigheten har jeg funnet mange gode venner og fått deltatt i barnearbeidet, kor og i misjonsarbeid rettet mot Ukraina i gjennom omrent 25 år.

Gjennom å få være i en menighet har jeg fått høre mye godt i fra Bibelen og har fått være med i mye godt arbeid. Det har vært en velsignelse og har betydd mye for meg.

Nå blir jeg snart 71 år og livet gir noen utfordringer og det skjer noe som kan være både tungt og vanskelig, MEN min erfaring er at uansett situasjon er Gud trofast, Han hjelper, trøster, bærer og styrker meg i all sin godhet og kjærlighet. Jeg har en oppfordring til meg selv og kanskje det kan hjelpe noen andre også å gjøre det som står i den gamle bedehussangen :

*«Si allting til Jesus han kjenner deg så vel,
Han vet hva som venter og trykker din sjel.*

*Om dine beste venner deg enn kan
misforstå,
din Jesus deg dog kjenner, til Ham du
trygt kan gå.*

*Blir veien deg ensom og tornet og trang,
Å si det til Jesus, han vandret den engang!
Han deg en venn vil være at du ei ensom
går,*

vil dine byrder bære og lege dine sår.

*Den ringeste småting som kommer i din
vei,*

*å si det til Jesus så vil han hjelpe deg!
Ti intet er for ringe å Frelseren betro,
nei si det kun til Jesus så får ditt hjerte
ro.»*

Så vil jeg avslutte tankene om min tro med hyrdesalmen Salme 23 og be om at jeg og mange med meg kan samstemme den med David.

Bø Prestegard

Våren 2023:

- 15. februar: Jens Johan Hyvik om «Klokkeren i norsk historie».
- 15. mars: Øyvind Steifetten fra USN om Fuglesang.

NMS Gjenbruk,
et skattkammer
for deg som elsker
gjenbruk – og
kloden vår



To av veteranene i NMS Gjenbruk Bø; Bjørg Momrak, som har vært med fra starten i 2011, og Daggry Haugan, som har vært med siden 2012.

NMS Gjenbruk Bø

har lokalene sine i Frøyatun, et av de eldste byggene i Bøgata, og er en av Det Norske Misjonsselskap (NMS) sine 52 gjenbruksbutikker rundt om i landet. Vi mottar pent brukte ting, bøker, leker, klær, småmøbler, lamper, duker/brikker o.l., og dette selger vi videre. Alt arbeid i butikken er ulønnet, og vi er ca 40 frivillige som holder hjulene i gang. De fleste jobber i butikken, mens noen staute karer er ansvarlig for henting og bringning av møbler. De fleste av oss er godt og vel forbi pensjonsalderen.

Styreleder i Bø er Torgjerd Lahus, og butikkleder er Ada Moskar.
Overskuddet fra NMS Gjenbruk Bø



i 2021 var på 844 tusen kroner, og brutto salg på 1 194 tusen kroner. Alt overskudd fra butikksalget går til NMS sine prosjekt rundt om i verden.

Her er noen områder det blir fokusert på:

- Bekjempe urettferdighet: Kvinners rettigheter og posisjon, vold i nære relasjoner, kjønnslemlestelse, barneekteskap, funksjonshemmedes rettigheter, forfulgte kristne, marginaliserte folkegrupper, ledertrening
- Dele troen på Jesus: Undervisning, menighetsliv, litteratur, media
- Utrydde fattigdom: Skole



NMS Gjenbruk Bø holder til i Frøyatun i Bøgata

og utdanning, jordbruk og matsikkerhet, helse, anti-korrupsjonsarbeid, samarbeid og personell.

- NMS har prosjekt i mange land i verden: Brasil, Sør-Afrika, Madagaskar, Kamerun, Etiopia, Mali, Midt-Østen, Pakistan, Thailand, Laos, Kina, Japan, Spania, Frankrike, England, Estland og Norge.

Du kan lese mer om prosjektene på hjemmesiden til NMS: nms.no/hva-vi-gjor/ og hvilket arbeid som gjøres i de forskjellige landene ved å klikke på landet du lurer på i kartet.

Vi som jobber i Gjenbruk Bø synes vi har verdens triveligste arbeidsplass! Alltid spennende å komme på jobb og se hvilke nye varer som er satt ut i hyllene. Alltid trivelig å møte kunder som har funnet seg en skatt, eller kommer for å levere noe som kan bli en skatt for andre. Visste du forresten at vi tar imot lysestumper? De blir smeltet og farget om til flotte nye lys og gode tembriketter, som du kan



Mye fint av ting og tang i hyller og skap

kjøpe i gjenbruksbutikkene våre. En fin julegave kan kanskje være et flott helligtrekongerslys?

Hvis du har aktuelle varer på lager, kom gjerne en tur innom oss med det! Vi kvier oss litt for å ta inn store møbler (pga mangel på plass og sterke rygger), og vi tar foreløpig heller ikke inn herre- og barnekjoler. Ta gjerne kontakt med oss i butikken hvis du lurer på om noe er av interesse!

Vil du være med som frivillig? Vi vil gjerne ha med nye medarbeidere på laget, så hvis du tror dette er noe for deg; ikke nøy med å kontakte oss på tlf. 400 39 420.

NMS Gjenbruk sitt slagord er: Miljø, Misjon, Møteplass

Nettsiden til gjenbruksbutikkene:
<https://nms.no/norge/nms-gjenbruk/>

Følg gjerne NMS Gjenbruk Bø på Facebook også! <https://www.facebook.com/NMSGjenbrukBo>.

Tidebønnkurs i Nes kyrkje

KIRKUS inviterer til tidebønnkurs i Nes kyrkje. Henrik Ødegaard gir praktisk innføring i sang av tidebønner på nynorsk med gregoriansk musikk. Ingen forkunnskaper er nødvendige.

Tidebønn er ferdig formulert bønn som kan leses eller synges på bestemte tider på døgnet. I Nes kyrkje har vi sunget kveldsbønn (kompletorium) en gang hver måned siden midt på 1990-tallet, med et opphold under pandemien. Nå ønsker vi å komme i gang igjen! Vi synger på nynorsk, etter melodier fra middelalderens kirkesang, den såkalte gregorianske sangen. Det trengs ingen forkunnskaper, bare at du er glad i å synge og liker å sygne sammen med andre i god kirkeakustikk!

Første kurskveld: Torsdag 19. januar.
Videre: 16. februar, 16. mars, 14. april,
11. mai og 8. juni.

Kl. 18:00: Kurset begynner.
Kl. 19:40: Pause med forfriskning
Kl. 20:00: Erfarne, lokale sangere kommer til felles gjennomkjøring.
Kl. 21:00: Åpen kveldsbønn. Etterpå:
Kaffe for alle i våpenhuset.

For å få fullt utbytte av kurset vil det være en fordel å få med seg alle kurskveldene, men det er mulig å ta deler av kurset.



Deltakeravgift- gratis for de som bor i Midt-Telemark kommune. Alle utenfor kommunen kr 1000,- for hele kurset eller 250,- for enkeltkvelder.

Påmelding: post@kirkus.no

Ved spørsmål kontakt Henrik Ødegaard
tlf +4790577950

Velkommen til kurs!

Vår julesalme

Guri Røsok og Jon Rørmark
Vi velger oss «*Kling no, klokka*»

Vi velger oss salmen først og fremst fordi den har en så vakker melodi. Gammel folketonevariant fra Oppdal. Nynorsk tekst av Elias Blix.
Teksten er høytidsstemt og bærer i seg budskapet om barnet som er født.

1 Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa!
Kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no, klokka!
Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!

2 Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!
Far gjennom grender,
strøym over strender,
strøym over strender som toneflod!
Songar sæle,
englemæle,
englemæle med livsæl ljod!

3 Englar kveda:
Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!
Ljoset er runne,
livet er vunne,
livet er vunne: ein Frelsar send.
Englar kveda:
Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!



4 Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder,
Gud vart vår broder,
Gud vart vår broder i jolenatt.
Sæle stunder,
store under,
store under og løyndoms skatt.

5 Barn er bore.
Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.
Anden no føder
oss til hans brøder,
oss til hans brøder, Guds born som han.
Barn er bore.
Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.

6 Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka
leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast,
snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!

Noe er helt galt

Det tikker inn meldinger om tap av plante- og dyrearter om dagen. Vi møter det i nyhetsartikler i massemedier og i diverse dokumentarprogrammer i TVkanalene.

Disse rapportene er skremmende lesing. WWF (Verdens villmarksfond) er en av de siste. De refererer til undersøkelser som har pågått siden 1970 og det er kartlagt ca 32000 bestander. Konklusjon: Gjennomsnittlig nedgang på 69 %. Dette gjelder virveldyr. I Tyskland meldes det at 75 % av alle insekter i tyske naturreservater er forsvunnet.

Jeg begynte å studere biologi i 1970. Vi begynte nok allerede da å interessere oss for de enorme endringene i naturen omkring oss, men ingen snakket om katastrofer. Rachel Carson hadde skrevet om «Den tause våren». Insektsmiddelet DDT tok livet av store mengder insekter og fugl, men det



av Ulf Vege

var jo ikke snakk om noen global katastrofe.

I Oslofjorden var det i min oppvekst masse god mat å hente. De fiskeartene vi var ute etter var det rikelig med. Nå er fjorden mange steder så å si død. Det er bare makrell igjen, men den er bare på besøk.



Jeg husker en tur jeg hadde i Breisås sist i 80årene. Det gikk en rekke på 7 elger over flatehogsten nord for Åstjønn – i november! Etter jakt!! I dag er elg nesten ikke å se. Det var den gang i hvert fall to gode tiurleiker i åsen vår. En gammel venn sa at da han var ung spilte det tiur mange flere steder. Jeg gikk over åsen en vårkeld. Da flyt det opp 5 røyer fra en liten furu. I dag er møte med storfugl en sjeldenhets.

Dette er vår skyld. Vi er altfor mange. Vi lever for hardt og hensynsløst.

Endringene har kommet snikende, langsomt og stille. Det har kanskje tatt 100 år å skape den livsstilen som vi ser konsekvensene av i dag. Vi kan snakke om «Den industrielle revolusjon» og «Oljealderen». Uten disse ville vi neppe hatt de problemene vi har viklet oss inn i. Men så er det alle de positive tingene det har brakt med seg..... Alt fra helsevesen til Tesla...

Nei, dette er ikke lett. Har det noe med kirke og kristentro å gjøre da? Det har noe med livet å gjøre. Da har det noe med troen å gjøre. Det har noe med gjerninger å gjøre, med gale gjerninger, med skyld.

*Kjære Himmelske Herre
Skylda er vår
Ansvaret er vårt
Kan du allikevel redde oss fra noen
av konsekvensene?*

Vi må ta tak i våre egne liv, og vi må ta tak i de store samfunnssystemer. Vi kan be til Gud, men vi må ikke flykte fra vårt ansvar og vår plikt til å overgi en verden til våre etterkommere som det går an å leve i.

Imens kan vi nyte de mange tusen skjønne ting naturen viser oss. Den lille blomsten. Den store majestetiske kongeørna. Våre medmennesker som kaller på omsorg og godhet.





Biskop Stein Reinertsen forrettet nattverd sammen med Sokneprest Anne Inger Lunner

Inspirerende visitasdager

En engasjert biskop var på bispevisitas i Bø sokn og Sauherad og Nes sokn fra tirsdag 29. november til torsdag 1. desember. Visitasen ble avslutta med en flott visitasgudsteneste i Bø kyrkje søndag 4. desember med visitasforedrag rett i etterkant av gudstjenesten og deretter kyrkjekaffi på Bø bedehus. Det var spennende å følge biskop Stein Reinertsen på de ulike møtestedene som var satt opp. På tirsdag var biskopen med følge med på «Bøn for bygda». Neste dag var han på Bø vidaregåande skule der han møtte alle elevene i vg 3 til samtale om religion

og kristendommens plass i samfunnet. Elevene hadde forberedt seg godt på «grille» biskopen med reflekterte spørsmål som ble besvart på en grundig måte. Sammen med prost, prester og kirkeverge var biskopen på arbeidslunsj med Midt-Telemark kommune. Både ordfører, kommunedirektør, kommunalsjefer/nestledere og leder var tilstede. Det samme var lederne for oppvekst og omsorgsutvalget. Det ble en god samtale og anerkjennelse av kirkens mange viktige oppgaver og informasjon om ulike planer.



Barn og voksne fra begge soknene deltok med song og musikk under gudstenesten.



Biskopen på ski med et av barna som synger i Seltin.



Biskopen på babysong på Bø bedehus.



Biskopen med Dennis da Silva fra Bø pinsemenighet.

Seltin er et av flere barnekor som biskopen besøkte og det var gøy å være sammen med de aller minste på babysang på bedehuset. På onsdag kveld var det grøtfest hos speiderne, som var samlet på Jønnbu fjellkyrkje, der flere barn og voksne ble tatt opp som nye speidere ved å avgjort løfte. Om kvelden var det stemningsfull avslutning i Bø kyrkje med andakt, bøn og vakker korsang av Bø kyrkjekor. Dagen etter var det informasjon om KIRKUS på kyrkjekontoret. Biskopen var også innom Bø pinsemenighet til

samtale om økumenikk og ledelse. Det ble en fin stund med lunsj og god samtale. Det har vært mange gode samtaler med ansatte og sokneråd og vi kan se tilbake på en vellykket visitas der vi opplever oss sett og inspirert av biskop Stein Reinertsen. I Sauherad og Nes sokn var det også en rekke arrangementer, som kulturkveld i Sauherad kirke, salmekveld og Nes kyrkje og besøk på Sagavoll folkehøgskole og formiddagstreffet på Nes menighetshus.

Slekters gang frå oktober 2022

Døypte

Foto: Ulf Vege



26/6-2022:
Eilev Hegna



9/10-2022:
Emil Holtan
Saga-Bjerkvik



9/10-2022:
Matheo Rue Myrland



9/10-2022:
Julia Jonskås



30/10-2022:
Sander Roheim Seland



23/10-2022:
Yasiin Noor,
Ismail Noor,
Tor Halkinrud Hynne

*Vi gratulerer dåpsfamiliane med dagen
og ynskjer barna velkomne til sundagsskulen!*



Vigde



27/11-2022:
Theodor Dale Bakka



27/11-2022:
Nora Hellekås Oland



8/10-2022:
Nancy Maiko Vegheim
og Oddbjørn Sunde



Gravlagde/Bisettelse

- | | | | |
|--------|---------------------------|--------|----------------------------|
| 17.03: | Marie Anette
Bjørnfeld | 09.11: | Eldbjørg
Trømborg |
| 20.10: | Signe Vinbekk
Hegna | 17.11: | Hans Vreim |
| 08.11: | Bergit Askildt
Myrjord | 25.11: | Aina Kristine
Markussen |
| | | 07.12: | Erling Storhaug |

«Lær oss å telja
våre dagar
så vi kan få
visdom i hjartet! »

Salme 90.12

Julegåve til Bø kyrkjeblad!

Tusen takk til alle som har vore med å gje ei gåve til Bø kyrkjeblad Somme har gitt 1000 kroner, andre 500 kroner og veldig mange har gitt 200 kroner. Gud elsker ein glad giver og vi takker for alle bidrag. Beste helsing Ulf Vege , soknerådsleiar

Kan du tenke deg å gi ei julegåve til kyrkjebladet som kjem ut fire gonger i året? Då kan du betale inn 200 kroner for dette året til konto eller på Vipps (eller eit anna valt beløp)

Legg gjerne inn fast beløp til kyrkjebladet på autogiro

Kontonummer: 2801.53.52096, merk med «Julegåve til kyrkjebladet»

Vippsnummer: 632120





**På Grivimoen er vi
28 ansatte som bøyer rør
ved hjelp av induksjonsvarme,
til de store dyp og høyt
opp mot himmelen.**

niras
INDUCTION BENDING



A photograph of four people (three men and one woman) sitting on concrete steps outside a modern building with large glass windows. They are dressed in casual attire. To the right of the photo, there is promotional text for Superlativ.

Design • Websider • Visuell identitet • Print
Sosiale medier • Tekst & innhold • Film & foto

superlativ

Kreative telemarkinger

superlativ.no



**En jul å
glede seg til**

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto 3201 52 74165

Blå Kors

**VI UTFØRER ALT INNEN
NYBYGG, PÅBYGG OG
RESTAURERING**



**MIDT-TELEMARK
BYGG AS**
mtbygg.no
Folkestadvegen 166, 3802 Bø

SYSTEMBLOKK

Tlf. 35 06 00 00
www.systemblokk.no



POWER

Åpningstider: 10-18 (16)

Tlf: 35 06 03 50



Bertelsen Nyhuus Optikk
 bertelsennyyhuusoptikk

Grundige synsundersøkelser,
god fagkunnskap, oppdatert
utstyr, topp service,
kjente merkevarer og
konkurransedyktige priser

Åpent mandag - fredag 10-16
lørdag 10-14




Bøgata 61, 3800 Bø tlf. 4839 4681
post@bnoptikk.no www.bnoptikk.no



3800 BØ – Tlf. 35 06 06 50

Tlf. 35 06 06 50
Vakttlf. 480 01 222

E-post: post@haugestolvvs.no



MURMESTER
ESPEDALEN
MEIR ENN MUR

Tlf. 35 06 03 30

www.murmesterespdealen.no



FARGERIKE

Bø Maling a/s

Butikk: 35 95 13 50 E-post: post@bomaling.no
Håndverk: 95 88 05 26 E-post: john@bomaling.no



KIWI S PRISLØFTE

VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!

KIWI mini
pris

KIWI Bø

ÅPNINGSTIDER: MAN-LØR

7-23



Sjekk Punkt
BILVERKSTED

BØ AUTO AS

Verksted • EU-kontroll • Bilutstyr
BILUTLEIE  35 95 02 75



VALO PUMPER AS

OLAV HAUGESTØL

40 års erfaring innen vann- og avløpspumper



VALO Pumper AS • Vreimsida 126 • 3803 Bø i Telemark
Tlf. 911 01 000 • olav@valopumper.no

Velkommen til gudsteneste!



DATO	TID	STAD	DAG	TITTEL	PREIKE
11.12	11:00	Bø kyrkje	3sia	Gudsteneste	Matt 11,2-11
18.12	11:00	Bø sjukeheim	4sia	Gudsteneste Wiggo Dahl på fiolin med Ellen	Luk 1,46-55
24.12	12:00	Bø sjukeheim	Julaftan	Gudsteneste m/nattverd	Luk 2,1-20
24.12	14:30	Bø kyrkje	Julaftan	Gudsteneste m/barnekora	Luk 2,1-20
24.12	16:00	Bø kyrkje	Julaftan	Gudsteneste m/korpsæt	Luk 2,1-20
25.12	11:00	Bø kyrkje	Juledag	Gudsteneste m/nattverd Wiggo Dahl på fiolin med Ellen	Joh 1,1-14
01.01	11:00	Bø kyrkje	Nydag	Gudsteneste	Luk 2,21
08.01	11:00	Bø kyrkje	KrÅp	Gudsteneste	Matt 2,1-12
15.01	17:00	Bø kyrkje	2siå	Gudsteneste	Matt 3,13-17
22.01	11:00	Bø kyrkje	3siå	Gudsteneste	Joh 2,1-11
29.01	11:00	Jønnbu Fjellkyrkje	4siå	Familiegudsteneste	Luk 18,35-43
05.02	11:00	Bø kyrkje	Såm	Gudsteneste	Luk 8,4-15
12.02	11:00	Bø kyrkje	KrFo	Fellesmøte-gudsteneste	Matt 17,1-9
19.02	17:00	Bø kyrkje	Fastel	Kveldsgudsteneste	Joh 17,20-26
22.02	18:00	Bø kyrkje	Aske	Skriftsmål og nattverd	Matt 6,1-6.16-18
26.02	11:00	Bø kyrkje	1sif	Gudsteneste	Matt 4,1-11
05.03	11:00	Bø kyrkje	2sif	Familiegudstenseste	Matt 15,21-28
12.03	11:00	Bø kyrkje	3sif	Gudsteneste	Luk 11,14-28
19.03	17:00	Bø kyrkje	4sif	Kveldsgudsteneste	Joh 11,45-53
26.03	11:00	Bø kyrkje	MB	Gudsteneste	Luk 1,26-38



Bø kyrkjekontor, Kyrkjevegen 78, 3800 Bø i Telemark

Telefon: 35 06 10 40 • Epost: post@bokyrkje.no

Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje, Kyrkjevegen 63, 3800 Bø i Telemark

FYLG OSS PÅ bokyrkje.no // Bø kyrkjelyd

Redaksjonen: Olav Haugestøl, Ulf Vege, Heidi Vege, Martin Stærk,
Axel J. Bugge, Bjørn Seljebotn

Trykk og design: Superlativ Media AS / Opplag: 3300 eks.